



Kviteseid kommune

## Vedtekter for Kviteseid ungdomsråd

Vedtatt i kommunestyret 07.10.21 jf. Kommuneleven § 11-12

**§1** Namnet på rådet er Kviteseid ungdomsråd

### **§2 Verkeområde og vedtaksstyremakt**

Ungdomsrådet skal vera talerøyret til ungdomane overfor politikarar og andre som tek avgjersler, og skal ha ei rådgevande rolle for kommunen.

Rådet skal representere interessene til ungdommen i kommunen og rådet har rett til å uttale seg i alle saker som gjeld ungdom. Uttala frå ungdomsrådet skal følgje saka til endeleg avgjer.

### **§3 Val og funksjonstid**

Det er val til ungdomsrådet kvart andre år. Alle medlemmer er valde for to år av gongen.

Funksjonstid tek til frå skulestart, medio august. Det er kommunestyret som bestemmer medlemmer i ungdomsrådet, etter framlegg frå rådmannen.

- Alle som er ungdom kan foreslåast som medlem av rådet.
- Ein må ikkje vera fylt 19 år på valtidspunktet.
- Som folkevald organ må ungdomsrådet ta omsyn til kravet i kommunelova om kjønnsbalanse. Både kjønn skal vera representert med minimum 40 prosent.
- Det er ikkje krav om å vere folkeregistrert som busett i kommunen eller i ein av kommunane i fylket for å sitte i ungdomsrådet. Dette inneber blant anna at ein person som bur i ein kommune, men går på vidaregåande skole i ein annan kommune, kan veljast til ungdomsråd i kommunen kor personen går på skole.

Medlemmer til ungdomsrådet blir føreslått på allmøte på skulane, og frå lag og organisasjonar for ungdom. Det er koordinator for ungdomsrådet som har i oppgåve å opprette vallista, gjennomføre valet og legge fram tilrådinga for kommunestyret.

### **§4 Rådet sin samansetning**

Rådet består av fem medlemmer og tre varamedlemmer. Både kjønn skal vera representert med minimum 40 prosent.

Medlemmer i rådet er folkevalde, og det er obligatorisk å stille på møte i rådet.

### **§5 Møtegodtgjering**

Medlemmer av rådet godtgjerast for tida 0,08% av ordførarlønn, p.t 680,- kr. pr. møte i rådet.

Deltaking på andre møter på vegne av ungdomsrådet godtgjerast med 400,- kr. Eventuelle utgifter til reise og opphald vert dekt. Det er kommunestyret som vedtek godtgjeringa til ungdomsrådet.



## **§6 Konstituering**

Ungdomsrådet konstituerer seg sjølve på fyrste møte. Det er val av leiar og nestleiar. Kvar representant i rådet har ei stemme. Dersom likt tal ved røysting, har leiar dobbeltstemme.

## **§7 Sekretariat**

Rådmannen har ansvar for at ungdomsrådet har ein koordinator.

*Koordinatoren har følgjande oppgåver:*

- Ansvarleg for oppfølging og rettleiing av ungdomsrådet
- Ansvarleg for dagleg drift av ungdomsrådet
- Vere bindeledd mellom administrasjon, politikarar og ungdomsråd
- Utvikle, omsette og iverksette prosjekt og tiltak i tråd med vedtak
- Praktisk tilrettelegging og førebuing av møta
- Praktisk gjennomføring av møta
- Sørge for at ungdomsrådet får nødvendig opplæring
- Sørge for at ungdomsrådet får nødvendig oppfølging undervegs
- Vere støttespelar og rettleier for medlemmene til ungdomsrådet
- Gjennomføre val til ungdomsrådet

Rådmannen har ansvar for at ungdomsrådet har ein sekretær.

*Sekretæren har følgjande oppgåver:*

- Førebu saksliste og saksdokument og sende ut innkalling
- Føre protokoll frå rådsmøta
- Ansvar for at ungdomsrådet mottek sakene på eit så tidleg tidspunkt i sakshandsaminga som mogleg at uttalene frå rådet har høve til å påverke utfallet av saka. Uttalene skal følgje saksdokumenta til det kommunale organet som avgjer saka endeleg.

## **§8 Møteverksemd**

Det skal gjennomførast fire møter i året, to om hausten og to om våren. Leiar kan i samarbeid med koordinator avgjera om det er behov for fleire møte.

Det blir sendt ut innkalling med saksliste ei veke før møtet. Medlemmene i rådet skal sette seg inn i sakene før møtet.

Ungdomsrådet kan kalle inn ordførar, rådmann og einingsleiarar ved behov.

Møta gjennomførast på kommunehuset etter skuletid.

Kommunestyret vedtek møteplan for ungdomsrådet.

## **§9 Talerett**

Ungdomsrådet har møte og talerett i Formannskapet og Kommunestyret med inntil to representanter.

## **§10 Delegert mynde**

Ungdomsrådet har i oppgåve å gjennomføre eit arrangement for ungdom årleg. Arrangementet skal  
fanne breitt og bidra til inkludering og likeverd blant ungdom. Til dette får ungdomsrådet disponere  
ein budsjettpost som kommunestyret vedtek kvart budsjettår.